

# Årsmøte Rogaland Sau og Geit 14-15 Februar 2020

Scandic Haugesund, Haugesund

## Fredag 14. Februar

Møtestart kl 13.00

Møteleiar: Sigmund Skjæveland

### **Velkommen ved Bokn Sau og Geit, Emilie Moi Eikje og ordførar i Bokn Kommune, Osmund Våga**

Emilie Moi Eikje ønska velkommen til årsmøte på vegne av Bokn Sau og Geit, og fortalte om aktiviteten i lokallaget. Laget har 25 medlemmer med god og variert aktivitet, også på gjethund. Bokn Sau og Geit har 45-års jubileum i 2020, og laget planlegg jubileumsfest til hausten. Lokallaget har godt samarbeid med det lokale bondelaget. Emilie ønskete alle deltakerar eit godt årsmøte.

Ordførar Osmund Våga presenterte Bokn kommune som ein liten kommune med gode tenester. Kommunen har god utvikling både innan kultur og næring, og både jordbruk og fiske og sjøfart står sterkt i kommunen. Landbruket er kommunen si største næring med 40 gardar og 70 arbeidsplassar, og dei siste åra har det også vore auke av lokal matproduksjon, noko som Bokn ønskjer meir av framover. Våga avslutta med å ønske årsmøtet og styret lykke til vidare.

### **Godkjenning av innkalling og saksliste**

Innkalling og saksliste vart einstemming godkjent med små endringar i programmet

### **Opprop**

Opprop ved Iren Vestersjø Hidle, Halsnøy, Jøsenfjord, Finnøy, Skåre og Forsand møtte ikkje med representant.

### **Val av to personar til å skrive under møtebok**

Elin V Herredsvela, Bjerkreim og Tore Oftedal, Gjesdal vart valde til å skrive under møtebok

Tore Oftedal

Sign

Elin V. Herredsvela

Sign

Sigmund Skjæveland

Sign SS

MØTELEIAR

## Innleiing ved leiar i RSG – Håvard Helgeland

Helgeland innleia med å beskrive marknadssituasjonen i 2019. Fjaråret bauð både på overskot av råstoff, og tomme fryselager. I ein overskotssituasjon vil prisane gå ned, og det set krav til sauene. Det viktig at sauene held så lenge som mogleg, då det er høg kostnad knytt til rekruttering.

Næringa står føre utfordringar, både innan klima og driftsinntekter. Det er viktig at næringa stiller gode spørsmål i debatten, og eksempler kan vera: Korleis skal Noreg vera rusta for ei eventuell matmangel? Er me gode på matberedskap? Korleis skal maten produserast i framtida, og av kven?

Genomisk selesksjon er spanande og eit stort framsteg innan norsk saueavl.

I geitehaldet er det utfordringar med høgt celletal. Det er usikkert kva årsaka er, men det er vanskeleg å gripe inn med avl, då ein trur miljøfaktorar spelar ei sentral rolle.

Innspel til jordbruksforhandlingar er viktig, då 70 % av inntektene i sauehaldet kjem frå frå statlige overføringer.

Det må jobbast godt mot eit felles mål for sau- og geitehald. Samhald, samarbeid og god oppslutnad i lokallaga er viktig, og bidreg til tyngde i forhandlingar.

Håvard Helgeland avslutta med å oppfordre til framsnakke eiga næring, og ønskje om eit godt årsmøte.

Kommentar:

- Bernt Undheim: Genomisk seleksjon er kostbart. NSG bør søkja om midlar til å drive avlsarbeid på denne måten.

## Årsmelding 2019

Arne Berge gjekk gjennom årsmeldinga, og Kjell Åge Torsen orienterte ekstra angåande krav til e-læringskurs i småfehald. Det er eit breitt samarbeid frå heile næringa for å få gjennomført kurset for alle. Det skal haldast samlingar både i nord- og sørfylket, som utdannar kursholderar i kvart lokallag, og som kan bidra til kurskveldar lokalt.

Kommentar:

- Per Johan Lyse, Avlsutvalet: Karluf Håkull er rett representant for Nortura i avlsutvalet.
- Egil Svela: Høge obduksjonskostnader. Kan noko gjerast her?

Tore Øffedal  
Sign

Elin V. Herredsvæla  
Sign

SS  
Sign

- Hallvard Veen, Bjerkreim: Orienterte kort om rekrutteringa i geitenæringa. Det er for mykje mjølk, og oppfordra folk til å eta meir geitost. Celletallet i mjølka aukar i beiteperioden, og bidreg til stor utrangering av mjølkedyr/avlsdyr.
- Kjell Åge Torsen, RSG: Det er behov for personer som kan bidra med felter arbeid mtp fotråte.
- Tor Olav Gya: Oppteken av kommunikasjonen mellom NSG og fylkeslaget. Saknar at representant frå NSG ikkje møter på RSG sitt årsmøte.
- Emilie Moi Eikje, Bokn: Viktig med medlemsverving, er det mulig å justere prisane mellom husstandsmedlem og støttemedlem?
- Sven Gil Westersjø, Hjelmeland: Er det nokre fritak for e-læringskurs?
- Arne berge: Skrøytte over greie spørsmål i kurset.
- Hallvard Veen, Bjerkreim: Dersom eit medlem melder seg ut til NSG, burde lokallaget få melding om dette.
- Even Jacobsen, Ølen: Spørsål knytt rundt hold av sau ute, utanom beitesesong

Svar: Det jobbast kontinuerlig med kostnaden knytt til medlemsskap.

Personar med bakgrunn i jordbrukskule, vinterlandbrukskule eller agronomutdanning får fritak frå e-læringskurs.

Anbefalinga frå mattilsynet seier at i perioden 1.11-1.5 skal sauene være inne, eller ha tilgang til hus utan stengsel. RSG vurderer å krevje saka ut på høyring.

#### Årsmelding med endring frå Avlsutvalet vart einstemming godkjent

#### **Rekneskap for 2019 og budsjett for 2020**

Tor Gaute Eikeland gjekk gjennom rekneskapen for 2019 og budsjett 2020

Kommentar:

- Sveinung Skjeraaug, Suldal: Høge kostnader knytt til årsmøte og leiarmøte. Er det vurdert dagmøte? Ønskjer at tilskot til lag og arrangement kjem på andre postar enn «gåver/blomar». Er det mulig at RSG styrer sjølv med rekneskap og sekretær?
- Arnhild Skjørestad: Kåringsavgifta auka med 20 kr pr kåra vær, ikkje 30 kr.
- Tore Oftedal, Gjesdal: Kan inntekt frå kåring gå tilbake til lokallaget?
- Alf Dybing, Helleland: Kvifor er reiseutgifter dobla?
- Sven Gil Westersjø, Hjelmeland: Kan fylkeslaget søkja om momskompensasjon?

Svar: Det har vore høg aktivitet i 2019, og dette har bidrege til auka reiseutgifter.

  
Tore Oftedal  
Sign

Elin V. Herredsvele  
Sign

  
55  
Sign

Ved å korte ned leiarsamling og årsmøte til ein dag, mister ein den sosiale delen. Den er viktig for samhaldet.

Skal sjå nærmare på å få søkja om momskompensasjon.

#### Rekneskap for 2019 vart einstemming godkjent

RSG budsjetterer med eit underskot på 71 000, hovedsakleg pga auke i revepremie og støtte til NM i gjetarhund 2020.

- Alf Dybing: Kva er gjort for å skaffa midlar til sekretær?
- Per Johan Lyse, Avlsutvalet: Kåringa må stå på eigne bein etter at ein mista midlar frå regionutvalet som blei lagt ned.
- Sveinung Skjæråhaug, Suldal: Ønsker diskusjon på dagmøte framfor to-dagarsmøte i RSG.
- Torbjørn Nordmark, Suldal: Det er vilje til å endre revepremie. To-dagarsmøte er viktig for det sosiale samhaldet.
- Per Johan Lyse: Vurdere eit fast hotell til leiarmøte og årsmøte, for betre pris.
- Egil Svela: Kva signal sendes om RSG setter revepremie til kr 0?
- Sven Gil Westersjø, Hjelmeland: Ønskjer at årsmøte skal vedta eit budsjett som går i null.
- Geir Risa, Time: Revepremien bør aukast i kommunane, som ei politisk sak.
- Bernt Undheim: Revepremien kan reduserast til kr 75 000, og eit evt overskot i rekneskapen kan disponerast til rev.
- Alf Dybing: Må ikkje budsjettere med 50 000 til sekretær før midlane er på plass
- Tor Gaute Eikeland: Styret må søkja på mtp momskompensasjon
- Geir Risa: Revepremie må ikkje nullast ut, men heller jobbast for å få inn midlar.
- John G Haakull, Tysvær: Styret ha fokus på arrangement som gir inntekt. Viser til medlemsverving og deltaking på arrangement med inntekt
- Tor Gaute Eikeland: RSG har vore for svake på medlemsverving og burde hatt fokus på dette på bla Agroteknikk

Svar: Det er sendt henvendelse til slakteria om sponsormidlar til sekretær. Varierte tilbakemeldingar, og enda uklart om korleis løyse dette.

Styret ønskjer å halde fram med to-dagarsmøte på RSG sine leiarmøter og årsmøter.

#### Forslag til budsjettet:

Tore Oftedal  
Sign

Elin V. Herredsvæla  
Sign

55  
Sign

Sveinung Skjerahaug, Suldal: RSG skal ikkje betale for utsending til årsmøte. Pr i dag dekkjer RSG ein utsending til årsmøte. Suldal sitt forslag er at RSG ikkje skal fortsette med denne praksisen.

Forslaget til Sveinung Skjerahaug fekk 1 stemme og falt

Bernt Undheim, Sør Jæren: Revepremie settes til kr 75 000,- i 2021, og ved eit evt overskot vil styret legge fram forslag om å betale ut heile/eller deler av dette til revepremie for årsmøte.

Forslaget til bernt Undheim fekk 33 stemmer og fleirtal

Budsjett for 2020 med endringer sett fram av Bernt Undheim og Alf Dybing ang midlar til sekretær vart einstemming godkjent

### Innkomne saker

#### Vegen vidare for Rogaland Gjetarhundlag

Det har vore nedsett ei arbeidsgruppe med representantar frå RSG og RGL. Dei har sett på 3 ulike måtar å organisera arbeidet vidare på.

1. Nemnd underlagt styret i RSG
2. Gjetarhundlag utan kontingen
3. Gjetarhundlag med kontingen

Kommentar:

- Jakob Vetrhus, RGL: Det har vore ei sær positiv utvikling mellom RSG og RGL den siste tida. Gjetarhundlaget oppmodar å gå vidare med alternativ 3. Kontingen vert rettferdigjort med medlemsfordelar.
- Bernt Undheim, Sør Jæren: Deler av startkontingen på gjetarhundprøver bør gå til laget.
- Styret RSG: Ønskjer at representantane frå styret held fram i arbeidsgruppa, sjølv om begge går ut av styret etter årsmøtet.

### Konsulent for raselaga

Raselaga ønskjer ein konsulentstilling som kan bidra inn mot avlsleiinga i NSG. Raselaga ser føre seg ei stilling på 20% som finansieres dels ved overføringer frå staten retta mot avlsarbeid, og dels frå seminsal og eksportinntekter.

Kommentar:

Tore Offedal  
Sign

Elin V. Herredsevela  
Sign

55  
Sign

- Per Johan Lyse, Avlsutvalet: Finansiering av stillinga må vera på plass før ei evt stilling kan oppretta. Seminsal og GS-midlar har små marginar og seminstasjonen er pr i dag ikkje godkjent for eksport.

Forslag til vedtak frå Rogaland Sau og Geit:

*«Årsmøtet i Rogaland Sau og Geit støttar forslaget fra Sveinung Skjerahaug/småraselaga om at det skal oppretta ein deltidstilling i NSG som har ansvaret for avlen i småraselaga. Før eit slik forslag blir fremma for NSG må ein skriftleg tilbakemelding frå alle småraselag om at dei står bak eit slik forslag, vera på plass. Før ei slik stilling kan oppretta må finansiering av denne vera på plass»*

Forslaget til RSG vart einstemming godkjent

#### **Jordbruksforhandlingane, Rogaland Sau og Geit sine krav til jordbruksoppgjeren - forslag**

Håvard Helgeland la fram forslaget Rogaland Sau og Geit har utarbeida til jordbruksforhandlingane.

Kommentarer:

- Sveinung Skjerahaug, Suldal: Innovasjonsmidler bør tildelast ved generasjonsskifte.
- Bernt Undheim, Sør-Jæren: Ønskjer driftstilskot på sau
- Kjell Helland, Strand: Kvoteordning i sauehaldet bør vurderast
- Alf Dybing, Helleland: Midler til genomisk seleksjon bør inn i forslaget
- Per J Lyse, Avlsutvalet: Avlen treng friske midlar
- Siv Meling, Rennesøy: Ønskjer betre formulering på areala der det beitar sau. Snakke fram heimebeitande sau, og heve tilskotet til denne beiteformen

Forslaget lagt fram av Rogaland Sau og Geit vart einstemming godkjent

#### **Jordbruksforhandlingane ved Marit Epletveit, Rogaland Bondelag**

Innleia foredraget med å samanlikne lamminga og jordbruksforhandlingane som vårens vakraste eventyr. Mykje arbeid, lite søvn og med mål om auka inntekt til sauebonden.

Rogaland Bondelag ønskjer å tette inntektsgapet mellom sauebønder og andre yrkesgrupper. Ein må unngå overskot av sau og lam.

Kommentar:

- Bernt Undheim, Sør-Jæren: Ønskjer eit driftstilskot på sau, eit tiltak som ikkje vil vera produksjonsdrivane

Tore Offdal  
Sign

Elin V. Herredsevela  
Sign

SS  
Sign

- Geir Risa, Time: Det bør koma tydeleg fram kva landskapspleiar sauen er.

### **Jordbruksforhandlingane ved Stig Arild Helgesen, Rogaland Bonde og Småbrukarlag**

Innleia med å støtte Rogaland Bondelag. Rogaland Bonde og Småbrukarlag ser eit behov for fornyingsmidlar, og er spørjande til dei eventuelle strukturendringane ei kvoteordning eller innføring av driftstilskot vil dra med seg.

#### Kommentarer:

- Tor Olav Gya: Kan Bondelaget og Bonde- og småbrukarlaget einast om ein felles organisasjon? Landbruket treng friske midlar, uheldig med kun omfordeling.

Møteslutt kl 18.00

### **Laurdag 15 februar**

Møtestart kl 9.00

### **Team Ung NSG – Emilie Jensen, Nedstrand og Elin Fuglestad, Sør Jæren**

Team ung orienterte kva dei jobbar med og for. Synte organisasjonskartet og fordelinga av representantar frå heile landet. Team Ung hadde oppstartsmøte i november 2019. Ba om innspel til kva Team Ung bør jobba med.

#### **Val**

Halsnøy, Jøsenfjord, Finnøy, Skåre, Vikedal/Imsland og Forsand møtte ikkje med representant.

Røysteføre: 49 stk

Innstillinga til valnemnda: Styret i Rogaland Sau og Geit 2020

Leiar	Kjell Åge Torsen, 46 stemmer, 3 blank	1 år
-------	---------------------------------------	------

Styremedlem	Arne Berge, 48 stemmer, 1 blank	2 år
-------------	---------------------------------	------

Kjetil Offidal  
Sign

Elin V. Herredsevela  
Sign

SS  
Sign

Styremedlem	Hallvard Veen, 48 stemmer, 1 blank	1 år
Styremedlem	Hanne Lundal, 47 stemmer, 2 blank	2 år
Styremedlem	Iren Vestersjø Hidle	ikkje på val

Arne Berge vart vald som nest-leiar av øvrige styremedlem for 1 år

Tor Gaute Eikeland trekk seg frå styret, og Hallvard Veen går difor inn i styret for 1 år

Vara 1	Eirik Gilje	1 år
Vara 2	Dagfinn Knutsen	1 år
Vara 3	Elin Fuglestad	1 år

Revisor	Egil Svela	attval
Revisor	Tor Olav Gya	attval
Vara revisor	Andre Kjørmo	ikkje på val


Møteleiar	Hanne Elise Lindal	1 år
Vara møteleiar	Sigmund Skjæveland	1 år

Nye medlem i valkomiteen:


Ryfylke:	Bjarne Østerhus, Suldal og vara Dagfinn Birkeland, Sauda (på val)
Nord-Rogaland:	June Kallekodt, Nedstrand og vara Emilie Moi Eikje, Bokn
Sør Jæren:	Ådne Undheim, Time og vara Tonje M Kloster, Sør-Jæren (på val)
Dalane:	Bjørn J Hatleskog, Sokndal/Heskestad og vara Leif H Korsbø, Lund
Nord Jæren:	Anders Schanche, Rennesøy og vara Livar Ravndal, Gjesdal

Utsending til årsmøte i NSG velgast av styret

Godtgjersle til styret:

  
Lone Offedal  
Sign

  
Elin Herredsvæla  
Sign

  
Sign

Leiar	30 000,-
Nestleiar	15 000,-
Kasserar	15 000,-
Styremedlem	8 000,-

I tillegg kjem kr 1600,- for møter/fråvær over 6 timer og kr 800,- for møter/fråvær under 6 timer.

Dette gjeld for inntil 8 dagar pluss årsmøtet pr år.

Godtgjersle til styret og tillitsvalde vart einstemming godkjent

#### **NM i Gjetarhund på Klepp i Rogaland 15-18 oktober 2020, v Jacob Vetrhus – orientering**

Arenaen for NM ligg på Horpestad i Klepp kommune og har eit lengdestrekk på snaue 600 m. Det er gode muligheter for parkering, og eigna lokale til servering/opphold for utøverar og besøkjande. Det er gjort avtale med Bryne Kro og Hotell angåande overnatting.

RGL har sett ned ein arrangement-komitè til å skaffe naudsynte sponsormidlar i tillegg til dugnadsfolk. Behovet for dugnad er stort og det er ønskjeleg at lokallaga bidreg. Ein ser på det å arrangere NM som eit positivt løft for gjetarhundmiljøet og at dette bidreg til aktivitet på kort og lang sikt.

Kommentar:

- Alf Dybing: Saknar RSG i arrangement-komiteen

#### **Kåringsansvarleg , Arnhild**

Det er mange kåringssjå som skal haldast, på forholdsvis få veker. Mange ønskjer å arrangere kåring på laurdagar som ein del av eit større landbruksarrangement. Pga kapasiteten på dommerar, ønskjer ein å sjå på alternative dagar der det let seg gjera.

Kommentar:

- Håvard Helgeland: Positivt for næringa at kåringa skjer i samarbeid med større arrangement. Fin måte å profilere seg på.
- Arnhild Skjørestad: Ikkje ønskjeleg med fleire dommerar då det bidreg til færre sjå pr dommar.
- Magne Jakob Bjørheim: Heimekåring passar i betre vekene

  
Føre Oftedal  
Sign

Elin V. Herredsvæla  
Sign

SS  
Sign

- Arnhild Skjørestad: Utfordrande når mange dommerar er sjølve bønder, og reiser til fjells i helgene. Første kåring i 2019 var 26. september, kan denne utsettast ei vike i 2020?

## **Handlingsplan 2020**

Forslaget til handlingsplan vart lagt fram for årsmøte og gjennomgått av Kjell Åge Torsen. Handlingsplanen vitnar om mange og varierte aktiviteter fordelt gjennom heile året i alle deler av fylket.

Kommentar:

- Elin Fuglestad, Sør Jæren: Ønskje om at flest mogleg datoar er fastsett, slik at lokallag har noko å rettleia seg etter
- Arnhild Skjørestad: Leiarmøte må ikkje koma i konflikt med siste kåringsdag.
- Torbjørn Nordmark, Suldal: Ønskjer orientering om valmenda sitt arbeid på regionmøtene

## Handlingsplan vart einstemming godkjent

### **Helsingar og oppfordringar**

#### Sandnes, ved Stian Espedal

Oppfordra lokallag til å engasjere seg i skulen. La elevar følgje lam frå fødsel til det ligg på middagstellerken. Hotellnæringa set fokus på lam frå utmark, og ønskjer å ha meir lam på menyen.

#### Tidlegare fylkesleierar

Fleire tidlegare fylkesleierar takka for invitasjon til årsmøtet, og rosar fylkeslaget for denne tradisjonen. Ikkje alle hadde anledning å møta, men alle ønska RSG lukke til med årsmøte og vidare organisasjonsarbeid.

### **Oppsummering og helsing frå avtroppande leiar**

Styret ønska innspel og forslag til endringar mtp korleis avhalde årsmøte og leiarmøte i framtida.

Tor Gaute Eikeland gjekk ut av styret, og takka for seg og det gode samarbeidet i laget.

Håvard Helgeland nytta også høve til å takka for seg, for samarbeidet og for tilliten som er vist i løpet av åra som leiar i RSG. Han oppmoda det komande styret til å våga å ta dei krevjande diskusjonane og til å snakke fram næringa.

Håvard og Tor Gaute vart takka av med blomar, gåver og helsingar frå styret.

  
Stian Espedal  
Sign

Elin V. Herredsevela  
Sign

SS  
Sign

Møteslutt 12.15

Tor Offedal  
Sign

Elin V. Herredsvæla  
Sign

Sigmund Skjelvum  
SS  
Sign